



Innkalling av Kommunestyret

Møtedato: 09.02.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 15:00

Frå klokka 0900 - 1200 vert det temamøte om barnevern ved KS:

09:00 Velkomen v/ ordførar

09:05 Kven har ansvar for barnevernet – roller og ansvar?
v/KS

09:45 Djupdykk i barneverntjenesten/ oppvekst i kommunen
v/ Barnevernleiar + evt kommunalsjefar for oppvekst og helse

10:45 Pause

11:00 Kva er handlingsrommet og korleis veit eg som folkevald
at vi har eit godt barnevern?

v/KS

11.15 Gruppediskusjonar

Oppgåve: Kva er våre ambisjonar og ønske for barnevernet og
oppvekstfeltet?

11.45 Deling og oppsummering i plenum

v/KS

11.55 Avsluttande ord v/ ordførar

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2023	Godkjenning av møteprotokoll
003/2023	Referatsaker

004/2023	Orienteringssaker
005/2023	Høyring - forslag til endringar i energilova og plan- og bygningslova (pbl.)
006/2023	Busetting av flyktningar i Modalen kommune 2023
007/2023	Strøyming av politiske møte i Modalen kommune
008/2023	Søknad om støtte frå Næringsfondet - Modalen Næringsbygg AS
009/2023	Høyringsuttale Modalen kommune - Regional plan for fornybar energi 2023 – 2035
010/2023	Kyrkjelydstomta på Mo gnr. 76 bnr. 99.
011/2023	Val av ny vigslar i Modalen kommune
012/2023	Medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd - BOF

2. februar 2023

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/20

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2023	Kommunestyret	PS	09.02.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	23/20

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2023	Kommunestyret	PS	09.02.2023

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 15.12.2022

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/20

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2023	Kommunestyret	PS	09.02.2023

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
003/2023.1	Protokoll Modalen kontrollutval 07.12.2022
003/2023.2	Det må setjast av planleggingsmidlar til planarbeid for E39 Vågsbotn - Klauvaneset for 2023 - svar frå statsråden
003/2023.3	Spenningsoppgradering som en konsekvens av Statnetts overgang til 420kV i sentralnettet

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/20

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2023	Kommunestyret	PS	09.02.2023

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-144, TI-&13	23/18

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2023	Kommunestyret	PS	09.02.2023
006/2023	Formannskapet	PS	31.01.2023

Høyring - forslag til endringar i energilova og plan- og bygningslova (pbl.) Kommunal- og distriktsdepartementet og Olje- og energidepartementet

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i Modalen kommune støttar regjeringa sitt forslag til endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land.

Saksopplysningar:

Frist for å uttale seg er 27. februar 2023. Høyringsfråsegn skal gis digitalt på regjeringen.no, under «Send inn høyringssvar» på www.regjeringen.no/id2958919.

Bakgrunn

Regjeringa vil styrke rolla til kommunane i planlegging og utbygging av vindkraft på land. Kommunal- og distriktsdepartementet og Olje- og energidepartementet foreslår mellom anna å innføre krav om områderegulering etter plan- og bygningslova før det kan bli gitt konsesjon etter energilova.

Endringane vil gje lokale folkevalde meir kontroll i prosessar knytt til utbygging av vindkraft på land. Auka involvering av kommunar og lokalsamfunn er nødvendig for å gi legitimitet til prosessane, betre lokal forankring og betre tilpassa løysingar

Forslaget om endringar i energilova og plan- og bygningslova for etablering av vindkraftverk på land blir no sendt på høyring. Høyringsnotatet følgjer opp oppmodningsvedtak frå Stortinget der regjeringa blir bedt om å fremje eit forslag om å innlemme planlegging og bygging av vindkraftverk i plan- og bygningslova.

Vurdering

Forslaga betyr ei endring i avgjerdsprosessane. Kommunane har til no som oftast teke stilling til vindkraft ved høyring av konsesjonsprosessane, mens den formelle planavklaringa har skjedd ved

dispensasjon eller endring av plan.

No foreslår regjeringa at det skal gjerast ei overordna avklaring av arealbruken etter plan- og bygningslova gjennom områderegulering – før det blir gitt konsesjon.

Mål om effektive og ressurs sparinge prosessar er viktige omsyn i forslaget frå departementa. Konsesjonsbehandlinga av vindkraft skal haldast oppe som ei heilskapleg samfunnsøkonomisk avveging av alle fordelar og ulemper ved prosjektet. Det nye regelverket vil bli utforma slik at det ikkje fører til unødvendig dobbeltbehandling. Tidlegare har kommunane risikert at prosjektet dei seier ja til blir endra før det blir bygd, slik at det til dømes ender med høgare turbinar enn dei trudde.

Forslaga i høyringsnotatet inneber at det vert innført krav om arealavklaring for vindkraftverk etter plan- og bygningslova i form av områderegulering, før ein kan gi konsesjon etter energilova.

Områdereguleringa skal fastsetje dei overordna føresetnadene som er relevante for avgjerda om arealbruk. Kommunen skal kunne krevje at utbyggjar utarbeider forslag til områderegulering, og utbyggjar får ein tilsvarende rett til å kunne fremje slik plan. Høvet til å dispensera for vindkraftprosjekt som gjeld i dag, blir betydeleg innskrenka. Det kan likevel unntaksvis dispenserast frå kravet om områderegulering der overordna arealmessige føresetnader er fastsett på same detaljeringsnivå som i områderegulering, til dømes i kommune(del)plan.

Konsesjonsbehandling av vindkraftanlegg etter energilova blir vidareført som i dag. Moglegheita til å oppheve og endre områderegulering for vindkraftanlegg med konsesjonssøknad blir avgrensa. Særregelen om å kunne gi endeleg vindkraftkonsesjon verknad som statleg arealplan vert oppheva. Det blir òg klargjort at statleg arealplan ikkje kan pålagast.

Konklusjon

Regjeringa vil med dette forslaget gje lokale folkevalde meir kontroll i prosessar knytt til utbygging av vindkraft på land, og legg vekt på at auka involvering av kommunar og lokalsamfunn er naudsynt for å gjere prosessane legitime.

Formannskapet - 006/2023

FOR - behandling:

Ordførar orienterte om saka.

Håvard Engeseth ba om at saka vert grundig gått gjennom i kommunestyret, med døme på kva forslaget til lovendingar vil kunne bety for kommunen.

Kristin Nåmdal kom med framlegg om tilleggsforslag til vedtaket. Ordførar tok framlegget opp til votering.

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Kommunestyret i Modalen kommune støttar at regjeringa gjer endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land.

I høringsnotatet vert det føreslått at NVE skal få ein utvida mynde i planhandsaminga, til å leggja planforslag ut på høyring og offentleg ettersyn etter pbl sin § 3-7. Planprosessen og konsesjonsprosessen vil dermed kunna gå parallelt fram til vedtak i regi av NVE, men det vert ikkje føreslått andre formelle krav til samordning, enn at planvedtaket må treffast før det kan gjevast konsesjon.

Modalen kommune meiner at det å leggja planframlegg ut på høyring er eit viktig institutt som bør vera underlagt lokaldemokratisk mynde (av lokale folkevalde), og ikkje eit embetsverk langt unna kommunane. Av den grunn rår ein frå at denne mynden knytt til plan- og bygningslova vert gjeve til NVE.

Vedlegg:

Høringsbrev vindkraft - pbl

horingsnotat_energiloven_pbl

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA-F30	22/81

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/2023	Kommunestyret	PS	09.02.2023
007/2023	Formannskapet	PS	31.01.2023

Busetting av flyktningar i Modalen kommune 2023

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek å busette inntil 20 flyktningar i 2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Mange menneske har flykta frå Ukraina sidan Russland sin invasjon i februar i 2022. Dette er den største massefluktsituasjonen Europa har sett sidan den andre verdskrigen. Ein bereknar at 12 millionar menneske vil trenge naudhjelp og beskyttelse internt i Ukraina, medan meir enn 4 millionar kan bli drivne på flukt frå Ukraina innan kort tid.

I Noreg er det stadig aukande inkomstar av ukrainske flyktningar. Det er vedteke at ukrainske statsborgarar skal få mellombels, kollektivt vern. Dette er eit særskilt løyve i utlendingslova § 34 som kan nyttast i ein massefluktsituasjon.

Denne ekstraordinære situasjonen gjer det naudsynt å auke kapasiteten for eit mogleg stort tal på inkomstar av flyktningar til Noreg. Det er framleis uvisst kor stort behovet for busetting blir i år, men det er venta at talet på ukrainske flyktningar aukar i vekene og månadane framover.

Det vil særleg vere kvinner, barn og eldre flyktningar som kjem frå Ukraina. Det er viktig at kommunen no legg planar for å bygge opp tenesteapparatet for fleire flyktningar frå Ukraina og andre land. Dette dreier seg om både bustader, helsetenester, introduksjonsprogram, barnehageplassar og skule.

Dei nyaste prognosane viser at behovet for busetting i 2023 er berekna til å vere om lag 35 000 personar, som er om lag same tal som vart busett i 2022. IMDi har i samråd med KS fordelt dette talet på alle kommunar i landet.

Vurdering

Modalen kommune er av IMDi oppmoda om å busette til saman 20 flyktningar i 2023. IMDi bed om tilbakemelding helst innan 31. jan 2023.

Kommunen har den siste tida kartlagt ledige kommunale bustader, samt oppfordra innbyggjarane til å melde inn ledige husvære som dei ynskjer å leige ut til dette føremålet. Totalt 6 stykker har meldt inn til kommunen at dei har husvære å leige ut. 5 av desse bustadane er på/nær Mo, medan 1 er på Øvre Helland. Dette gjer at kommunen pr dags dato har nok kapasitet til å kunne busette 20 flyktningar, dersom vi får anmoding om å busetje familiar og ikkje einslege. Ein annan føresetnad for å kunne busette inntil 20 flyktningar er at vi tek større delar av kommunen i bruk og ikkje berre busett på og nær Mo.

Når det gjeld skule og barnehage vil kommunen ha kapasitet til å ta imot begge stadar dersom det er born blant dei som kommunen blir bedt om å busette. Dette kan krevje oppbemanning av personell i høve kor mange born som kjem. Dette gjeld og i høve til vaksenopplæring i mellom anna norsk for vaksne flyktningar, som ein ikkje har tilsett personell til på noverande tidspunkt.

Styresmaktene forstår at dette er ein utfordrande situasjon også for kommunane. IMDi har stønadsordningar som blir utløyste for personane som kommunen skal busette. Det skal legges til rette for at kommunen skal kunne auke kapasiteten i tråd med behovet.

Personar som får mellombels, kollektivt vern er i målgruppa for busetting med offentleg hjelp, og vert busette etter avtale mellom IMDi og kommunen på same måte som andre flyktningar. Opphaldsløyva dannar grunnlag for rett og plikt til å delta i introduksjonsprogram i samsvar med integreringslova, så lenge flyktningen er busett etter avtale mellom kommunen og IMDi. Busettinga av ukrainske flyktningar utløyser dermed ordinært integreringstilskot.

Aktuelle tilskot:

Kommunar som buset flyktningar, får utbetalt integreringstilskot. Tilskotet blir utbetalt etter at flyktningen er busett. Tilskotet skal medverke til at kommunane arbeider aktivt med busetting og integrering slik at flyktningane kjem i arbeid, forsørger seg sjølve og deltar i samfunnet så raskt som mogleg.

Det er ulike satsar for tilskot, avhengig av i kva kategori ein person blir busett i år 1:

-integreringstilskot einslege vaksne kr 234 900 per år

-integreringstilskot vaksne og barn i familiar kr 189 400 per år

-integreringstilskot einslege mindreårige kr 182 300 per år

-barnehagetilskot, barn 0—5 år kr 27 100 per år

-eldretilskot, fylt 60 år ved busetting kr 176 000 per år

Det er og særskilte tilskotsordningar for kommunar som buset einslege mindreårige eller flyktningar som har eit særskilt behov for oppfølging og tilrettelegging. Kommunar kan og få tilskot for vaksne innvandrarak som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret i Modalen kommune føl oppmodinga frå IMDI og gjer vedtak om å kunne busette inntil 20 flyktningar i 2022. Kommunen si kartlegging av ledige kommunale og privateigde husvære viser at at det er ledig kapasitet til slik busetting, med føresetnad om at vi ikkje berre vert beden om å busette einslege/par.

Formannskapet - 007/2023

FOR - behandling:

Ordførar og rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål.

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek å busette inntil 20 flyktningar i 2023.

Vedlegg:

Anmodning om bosetting 2023 - Modalen kommune

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke		23/13

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2023	Kommunestyret	PS	09.02.2023
008/2023	Formannskapet	PS	31.01.2023

Strøyming av politiske møte i Modalen kommune

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek å ta i bruk kommune-TV løysing for direktesending av kommunestyremøte og publisering av sendingane i etterkant av møta.

Løysinga skal takast i bruk frå og med mai 2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunelova legg føringar for gjennomføring av politiske møte. Det er krav om kunngjering av tid og stad, sakliste og møtedokument skal vere tilgjengeleg for allmenta (§11-3). I tillegg har alle rett til å kunna vere til stades i møte i eit folkevalt organ, med mindre organet vel å lukka møte av omsyn til teieplikta, (§11-5).

Koronapandemien førte til at mange kommunar valde å bruke digitale kanalar ved gjennomføring av politiske møte. Kommunaldepartementet la til rette for fjernmøte via eiga forskrift og kommunane såg behov for å gjere møte tilgjengeleg for interesserte på ein ny måte.

Modalen er del av IKT samarbeidet i Nordhordland saman med 10 andre kommunar. Her er det gjort avtale med verksemda Aventia som leverer ulike modular til politiske møte. Dei første IKTNH kommunane tok i bruk løysinga i 2019. Av dei 11 samarbeidskommunane er det Modalen og Masfjorden som ikkje har teke i bruk ei løysing. 6 kommunar nyttar Aventia si løysing, medan 3 kommunar nyttar Teams, Youtube eller Facebook.

Då kommunestyresalen på Flodmaal vart bygd, vart det kjøpt inn digitalt utstyr for eventuelle sendingar av politiske møte. Salen har lydssystem i tak, eit kamera plassert bak i rommet og kopling

mot projektor for strømming av presentasjonar.

Aventia presenterte løysinga for medlemmene i førre kommunestyremøte. Løysinga kan også nyttast til interne kurs, folkemøte og andre tilstellingar som vert gjort i kommunestyresalen.

Vurdering

Systemet har integrasjon mot kommunen sitt saksbehandlingssystem med automatisk oppretting av møte med saksdokument knytt til dei einskilde sakene. Systemet er enkelt å drifte undervegs i møte, med knappane start, pause og slutt. I tillegg kan ein knytte bokmerke til sendinga slik at dei som ser sendinga er oppdatert på agenda.

Det er mogleg å gjere opptak for deretter å publisere seinare, men ein kan også sende direkte. Ved direktesending opplever ein nokre sekund forseinking frå opptak til publisert på nett, men det ikkje mogleg å fjerne opptak frå direktesendinga.

Etter møteslutt må det gjerast ein mindre redigeringsjobb for å sikre at dokument og bilde samsvarar. Av ressursbruk er det i hovudsak test av lyd og bilete i forkant av møte som er mest tidkrevjande då oppdateringar frå windows og ulike system som skal snakke saman. Erfaringsmessig har Aventia kort responstid på support. Ressursbruk knytt redigering og sending i møte er nokså lite.

Dersom ein kjøper Aventia sine tilleggsmodular er det mogleg å legge inn forslag til vedtak, gjennomføre votering og lage talarliste digitalt i kommune-tv. Då vil innbyggjarane i kommunen også kunna følgja med på det som i dag går føre seg i møteportalen. Tilleggsmodulane vil krevje meir av representantane og ordførar under møte. Slik situasjonen er i dag, ser ikkje rådmannen behov for å ta i bruk tilleggsmodulane.

Konklusjon

Modalen kommune gjennomfører møte på dagtid på Flodmaal. Møta er opne for publikum, men fysisk oppmøte er avgrensa, mellom anna fordi mange er i arbeid eller på skule. Med kommune-tv vil møta vere meir tilgjengeleg for innbyggjarar og andre interesserte. Partar kan finne spesifikk sak og få med seg behandlinga i ettertid. Strømming av politiske møte vil opne for at fleire får med seg kva som rører seg i kommunen og innbyggjarar kan engasjere på eit heilt anna nivå enn slik det er i dag.

Rådmannen tilrår difor at kommunestyret vedtek å ta i bruk kommune-TV løysing for direktesending av kommunestyremøte og publisering av sendingane i etterkant av møta.

Kommunestyret bør ta stilling til om også møta i formannskapet og næringsfondstyret skal strøymast på same måte som kommunestyremøta. Dette kan ein evt gjere på eit seinare tidspunkt, når ein har prøvd ut løysinga på kommunestyremøte ei stund.

Formannskapet - 008/2023

FOR - behandling:

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Formannskapet sender saka vidare til kommunestyret utan innstilling

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tonje Husum Aarland		23/50

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2023	Kommunestyret	PS	09.02.2023

Søknad om støtte frå Næringsfondet - Modalen Næringsbygg AS

Forslag til vedtak:

Saksopplysningar:

Modalen Næringsbygg AS (MNB) søker om tilskot til kjøp av bygningsmassen «Uni-bygget» på Øvre-Helland. Det vert søkt om kr 850 000,- i tilskot (eventuelt lån). Totalkostnad er rekna å vere kr 1 100 000,- inkludert kjøp av bygningsmasse og grunnverv, tilrettelegging, administrasjon og naudsynt vedlikehald. Mellomlegget på kr 250 000,- vil vere frå egne midlar.

Bakgrunn

Modalen Næringsbygg AS (MNB) vart oppretta i 1996 med føremål om å eige og forvalte bygningsmasse for å drive utleige av areal til næringsverksemd i Modalen kommune. Eigarar per d.d. er Modalen kommune (96 %) og Eviny (4 %).

MNB eiger og forvaltar bygningsmasse på Mo med A, B, og C-bygga i sentrum, samt deler av «Uni-bygget» på Øvre-Helland.

Det vert i søknaden mellom anna vist til at MNB, gjennom kjøp av «Uni-bygget», vil kunne legge til rette for utvikling av næringsareal og bidra til næringsverksemd i bygget slik at det kan kome heile Modalen til gode og medføre utvikling av lokalsamfunnet på Øvre-Helland. MNB er i kontakt med interessantar som vil medføre nyetablering i Modalen kommune. For å realisere dette, trengs det tilrettelegging og oppussing av eksisterande bygg.

Vurdering

Næringsfondet skal vere eit verkemiddel for næringslivet i Modalen og Modalen kommune i arbeidet

med å fremje og styrkje næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen.

Rådmannen vurderer at det vil kunne vere eit høgt potensiale og godt grunnlag for å legge til rette for aktivitet og næringsutvikling ved kjøp av næringsbygget, samt medføre positive ringverknader for lokalsamfunnet på Øvre-Helland.

Modalen kommune er medeigar av MNB. Eigarskapsmeldinga til Modalen kommune er frå 2019. Det var i 2021 utarbeida ei rapport med vurderingar av selskapet MNB, utarbeida av Industriutvikling Vest AS på oppdrag frå Modalen kommune (hausten 2021). Her ligg det ei tydeleg tilråding om avvikling av selskapet. Kommunestyret har fått rapporten til orientering, men har ikkje teke stilling til vidare oppfølging av denne.

Støtte frå næringsfondet til MNB for investering i bygningsmasse vil kunne vurderast som ein prinsipiell støtte til vidareutvikling i MNB. Samstundes vil utvikling av bygningsmasse knytt til næring kunne vurderast som ønskjeleg og viktig med tanke på næringsutvikling i Modalen kommune.

Søknaden frå MNB om næringsfondsstøtte vert derfor lagt fram for kommunestyret til handsaming.

Søknaden kan handsamast i lys av moglegheitene for utvikling av næringsbygget, uavhengig kva kommunestyret som medeigar ønskjer knytt til utvikling av MNB.

Søknaden kan også handsamast i lys av eigarskap og ønska utvikling av Modalen Næringsbygg AS.

Rådmannen tilrår, uavhengig i kva perspektiv søknaden vert handsama etter, at kommunestyret ber om at det vert sett opp eiga sak om eigarskapsstrategi knytt til MNB og rapporten utarbeida av Industriutvikling Vest AS.

Økonomi

I budsjettet for 2023 er det sett av kr 1,7 millionar i tilskot og kr 400 000 i lån, som til saman tilsvarar kr 2,1 millionar. I møtet 31.01.2023 løyvde næringsfondsstyret kr 700 000 i tilskot til Coop Modalen, samt kr 400 000 i tilskot og kr 225 000 i lån til Nygard elektro.

Då er det nytta kr 1,1 millionar av tilskotsmidlar og kr 225 000 av lånemidlar, og det gjenstår kr 600 000 i tilskot og kr 175 000 i lånemidlar på budsjettet for 2023. Frå budsjettløyvinga til næringsfondet er det også løypande faste utgifter, t.d. elevstipend, slik at mesteparten av budsjettløyvinga allereie er disponert per d.d.

Prognose på saldo i næringsfondet pr 31.12.22 (utanom grunnkapital på kr 2 mill.) er no om lag kr 1,1 millionar.

Me får då slikt oppsett for 2023 (avrunda tal):

Saldo næringsfondet 1.1.23	kr 1 100 000
Budsjettert bruk av næringsfondet 2023	kr 4 300 000
Budsjettert avsetjing til næringsfondet 2023	kr 6 500 000
Budsjettert saldo næringsfondet 31.12.23	kr 3 300 000

Budsjettjusteringar i 2023 som medfører auka bruk av næringsfondsmidlar må såleis avgrensast til

maksimalt kr 3,3 millionar.

Konklusjon

Rådmann tilrår at saka vert handsama i kommunestyret utan framlegg til vedtak frå administrasjonen.

Dersom kommunestyret innvilgar tilskot og/eller lån til Modalen Næringsbygg AS, må det gjerast ei budsjettjustering med ekstraløyving frå næringsfondet. Rådmannen tilrår i så fall budsjettjustering på kr 1,5 millionar og at følgjande formulering vert lagt til vedtaket:

Det vert i tillegg gjort følgjande budsjettjustering:

- auka tilskot frå næringsfondet kr 1,5 millionar finansiert ved bruk av disp.fond/næringsfond.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-144, TI-&13	21/102

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2023	Kommunestyret	PS	09.02.2023

Høringsuttale Modalen kommune - Regional plan for fornybar energi 2023 – 2035

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek høringsuttale for Regional plan for fornybar energi 2023-2035 slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Saka er handsama i Modalen kommunestyre torsdag 09.02.2023

Bakgrunn

Regional plan for fornybar energi er eit av grunnlaga for klimaomstilling i Vestland fylke. Vestland fylkeskommune har difor lagt ut Regional plan for fornybar energi på høyring.

Planen har som oppdrag å fastsetje mål om ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi.

Saksopplysningar:

Planen omhandlar dei seks fornybare energikjeldene vasskraft, vindkraft, havenergiane, solenergi, termisk energi og kjernekraft.

Modalen kommune ynskjer å gje uttale på følgjande energiområder:

Vasskraft

I Vestland fylke er det allereie stor produksjon av vasskraft, då om lag 25% av all vasskraftproduksjon i Noreg vert produsert her. Det vil seie at totalbelastning på kommunane i Vestland er stor. Modalen kommune har i mange ti-år vore vertskommune for vasskraftproduksjon som ikkje berre har ført til inntekter for kommunen, men og nok og stabil leveranse av fornybar energi til storsamfunnet. Dette ynskjer me framleis å bidra til og støttar opp om ambisjonsnivåa i planen.

- I Vestland fylke er vasskraftverk oppgradert og utvida med fokus på miljøet i vassdraga.

Modalsvassdraget er allereie påverka av utbyggingar. Difor er det særst viktig å følgje opp retningsline som seier: «Bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser

- **I Vestland har me nytta oss av auka nedbørmengd til å produsera meir kraft og til å betre miljøa i vassdraga.**
- **Småkraftverk er realisert og bidreg til auka vasskraftproduksjon.**
- **Alle vasskraftverk som har fått endeleg konsesjon er realisert.**

Her må det sikrast at handsamingstida ikkje vert urimeleg lang. Må passe på at ikkje kortare handsamingstid går ut over omsyn til miljø og andre arealinteresser.

- **4 – 6 TWh ny vasskraft i høve til 2022 er koplta til kraftnettet.**

Fleire prosjekt som har konsesjon, og som ville tilført 4,8 TWh i planperioden, er avhengige av nettoppgraderingar for å kunne realiserast. Difor er det særst viktig at arbeidet med spenningsoppgradering ikkje vert hindra grunna lang sakshandsaming hjå NVE. Må passe på at ikkje kortare handsamingstid går ut over omsyn til miljø og andre arealinteresser.

Utbygging av fornybar energi er ofte arealkrevjande. Det er difor naudsynt med ein god og heilskapleg politikk for naturmangfald, vassforvaltning og planlegging og styring av arealbruken. Nedbygging, oppstyking og endra bruk av areal er blant dei viktigaste grunnane til at mange naturtypar står i fare for å bli vekke i Noreg.

Det må arbeidast med å utvikle betre metodar for verdsetjing av natur, slik at verdien av økosystemer kan bli betre integrert i plan- og vedtaksprosessar.

Vindkraft

I denne planen vert vindkraft omtala i to ulike former; landvind og havvind.

Landvind, som er einaste forma som har potensiale i Modalen kommune, er vindkraftverk som skal handsamast etter plan- og bygningslova frå 01.01.2023, etter vedtak i Stortinget om lovendring.

Planen seier vidare at det er eit mål at i Vestland fylke har me ikkje bygd ut vindkraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne eller kulturmiljø og reiseliv. Det vert stilt tydelege og strenge krav til konsekvensutgreiingar i samband med vindkraftutbyggingar.

Utbygging av fornybar energi er ofte arealkrevjande. Det er difor naudsynt med ein god og heilskapleg politikk for naturmangfald og planlegging og styring av arealbruken. Nedbygging, oppstyking og endra bruk av areal er blant dei viktigaste grunnane til at mange naturtypar står i fare

for å bli vekke i Noreg.

Det må arbeidast med å utvikle betre metodar for verdsetjing av natur, slik at verdien av økosystemer kan bli betre integrert i plan- og vedtaksprosessar.

Modalen kommune tykkjer retningslinene som omhandlar dei fornybare kjeldene er gode føringar men at antalet fører til at det er noko uoversiktleg. Eige punkt om at det ikkje skal byggjast ut vindkraft utan kommunalt samtykke støttar opp om gjeldande kommunestyrevedtak frå 05.09.2019.

Retningsliner for fornybar energi

Planen foreslår retningslinjer som skal ta vare på urørd natur på land. Dei skal også sørge for at stader med viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv, ikkje blir forringa.

Modalen kommune ynskjer at omgrepet viktige verdiar vert tydeleggjort

Dei fylkespolitiske retningslinene er utarbeida med heimel i energilova, havenergilova og plan- og bygningslova §8-1 - §8-4, og skal gjerast gjeldande for planlegging og forvaltning på kommunalt, fylkeskommunalt, regionalt og statleg nivå i Vestland.

Regional plan for fornybar energi vil og være retningsgivande for kommunal planlegging som kan påverke vekst av fornybar energi samstundes som ein tek omsyn til miljø, naturmangfald, områder for friluftsliv, landskaps- og kulturverdiar.

Modalen kommune ser utfordringar med så mange retningsliner i planen som gjev mykje å halde seg til og soleis eit litt uoversiktleg bilete.

Nokre utfordringar med retningslinene:

Retningslinene kunne vore litt klårare då det er både «bør» og «skal» retningsliner. Retningsliner som seier «skal» må tydeleggjerast betre.

Utnytting av naturressursar ifbm utbygging av fornybar energi er ofte arealkrevjande. Det er difor særskilt viktig med klare retningsliner for arealbruk i gjeldande og komande planar for vind- og vasskraftverk.

I samband med dette viser Modalen kommune til FN sitt berekraftsmål og delmål:

12.2 Innan 2030 oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar

15.4 Innan 2030 bevare økosystem i fjellområde, inkludert det biologiske mangfaldet der, slik at dei skal bli i betre stand til å yte viktige bidrag til ei berekraftig utvikling

Robust kraftforsyning i Vestland

Vestland fylke har som planmål å arbeide for stabil og positiv kraftbalanse og at me har kraftnett som gjev nok kraft til privat forbruk og industri.

Slik det er i dag er ikkje kapasiteten på distribusjonsnettet god nok til å forsyne framtidige kundar der dei er. Dette hindrar både effektivisering av eksiterande kraftproduksjon og at konsesjonar som er gitt ikkje vert nytta. Det er særst viktig å utbetre kraftnettet for å ha ein betre kraftbalanse gjennom året, og for å utjamne prisane i prisområda som påverkar fylket.

Netteigarar med Statnett i spissen jobbar med å oppgradere kraftnettet, men utviklinga går ikkje fort nok.

Fleire prosjekt som har konsesjon, og som ville tilført 4,8 TWh i planperioden, er avhengige av nettoppgraderingar for å kunne realiserast.

Modalen kommune tykkjer det er uheldig at det vert brukt store ressursar på handsaming av konsesjonar som ikkje vert nytta.

Modalen kommune vil understreke at dette plantemaet er særst viktig og visar til vår uttale til planprogram for regional plan for fornybar energi, der det står:

Spenningsoppgradering av dagens nett vil ta lang tid grunna lang handsamingstid for konsesjonssøknadar. For å unngå skeivfordeling mellom kvar produksjon av kraft og forbruk skjer i fylket, må det arbeidast for å gjennomføre kortsiktige tiltak på nettet. Dette for å sikre distribusjon til industri og innbyggjarar i Vestland fylke.

Handlingsprogram som vedlegg til planen

I handlingsprogrammet er temaet robust kraftforsyning særleg løfta fram.

Delmål 7: «Me har ein positiv og sikker kraftbalanse»

Delmål 8: «Me har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri»

Modalen kommune tykkjer det er god prioritering med godt fokus på desse delmåla.

Modalen kommune ynskjer å være bidragsytar for at desse måla skal nåast.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at høyringsuttalen vert vedteke slik den ligg føre.

Vedlegg:

Kunnskapsgrunnlag for regional plan for fornybar energi 25.10.22.pdf

Utkast Handlingsprogram Rein handlekraft 2023-2027.pdf

Høringsutkast-Regional plan for fornybar energi.pdf

Høyring Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035 og handlingsprogram 2023-2027

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA-L83	22/120

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2023	Kommunestyret	PS	09.02.2023

Kyrkjelydstomta på Mo gnr. 76 bnr. 99.

Forslag til vedtak:

Rådmannen tilrår at dei 250 0000 som vart løyvde (Ks. sak 027/22 - 16.06.22.) til å engasjera konsulent for å hjelpa Modalen kommune i arbeidet med å gjennomføra reguleringsendring på gnr. 76 bnr. 99, vert omdisponert til å etablera ei «minikonkurrans» som kan kome kommunen i møte på behov og ynskje for nye bueiningar på Kyrkjelydstomta.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommune ynskjer å omdisponera tomt regulert til kyrkjelydhus til bustader. Det vil dekkje noko av behovet til kommunen.

250 000 til omregulering er løyvde av kommunen. Ks. sak 027/22.

Ut i frå kommunestyrevedtaket har kommunen desember 2022 i forkant, inngått ein skriftleg avtale med Mo sokn om vederlagsfri bruk av soknet sine noverande fellesområde i Flodmaal. Sjølve prosjektet starta difor opp i januar 2023.

Vurdering

Det er gjort vedtak om at kommunen skal omregulera Kyrkjelydstomta, for å byggje bustader.

Etter sonderingar internt i kommunen synast det som endra formål, kan gjennomførast som søknad om dispensasjon frå gjeldsande reguleringsplan etter plan- og bygningslova

§ 19-2.

Tiltaket er av avgrensa storleik og området er allereie regulert til utbygging, så endringa er avgrensa til kva formål det skal byggjast for, og eventuelt utnyttingsgrad på tomta. Dermed vert omregulering unngått. Etter plan- og bygningslova § 19-2 kan:

Kommunen kan gi varig eller mellombels dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av denne lova. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikkje givast dersom omsyna bak føresegna det blir frå dispenserte, omsyna i formålsregelen i lova eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentleg tilsidesette. Fordelane ved å gi dispensasjon skal vera klart større enn ulempene.

Kyrkjelydstomta er regulert for utbygging av offentlege bygg i reguleringsplan Kyrkjeteigen, med følgjande føresegn for tomta:

4.1.1 Grunnflata for huset må ikkje vere meir enn 1/3 av tomt sitt areal. Byggegrensa må haldast for å sikre eit ope arealomkring eksisterande kyrkje.

4.1.2 Det er særst viktig ved bygging i nærleiken av kyrkja at nye bygg harmoniserer og samsvarar med eksisterande kyrkjebygg, både med omsyn til materialval og fargeval.

Ein ny reguleringsplan/endring av gjeldande reguleringsplan er ein større prosess som ikkje er nødvendig i alle saker, då plan- og bygningslova § 19-2 opnar for at denne typa endringar kan gjerast som ein dispensasjon. Formålet for tomta er allereie utbygging, så det vert ikkje ein vesentleg endring frå arealføremålet, og eit nytt tiltak må uansett tilpassast kyrkja, då Vestland fylkeskommune vert uttalepart i en dispensasjonssak.

Administrasjonen rår til at dispensasjonsreglane i plan- og bygningslova § 19-2 vert nytta i saka.

For at omdisponering av kyrkjelydstomten kjem kommunen i møte på behov og ynskje, bør søknad om dispensasjon vert basert på visualisering og potensialet av tomta.

Det er ynskjeleg at inntil 4 bueiningar på 50 – 60 m² kan innpassast på tomta, som er på 1.225 m². I tillegg vert køyreareal avsett, og parkering for bil og sykklar.

Bustadene skal tilfredsstillast Husbankens krav til livsløpsbustader. Det er ynskjeleg å leggja til rette for fellesskap mellom bebuarane og lokalmiljøet.

Det er ynskjeleg at nybygg reflekterer funksjonell tradisjon i vid forstand, basert på eigenarten til staden med omsyn til formspråk og materialbruk, og dessutan nærleik til Mo kyrkje.

Visualisering bør utførast på oppdrag av arkitektar med relevant kompetanse og erfaring.

OPPDRA

Oppdraget om visualisering av potensialet til tomta omfattar følgjande leveranse:

- situasjonsplan i samsvar med gjeldande reguleringsplan og planreglane i plan- og bygningslova. Planen skal visa busetnad og køyreareal.
- eigna visualisering / 3D-modell som syner samspel mellom nye og eksisterande busetnad inkludert kyrkja.
- enkle skisser for livsløpsbustader – planar, snitt og fasadar.

I tillegg må følgjande inngå:

- kortfatta skildring av forslag til busetnad inkludert forklaring for dispensasjonsbehov knytt til busetnad og parkering / garasje.

OFFENTLEG INNKJØP

- Etter ein gjennomgang og vurdering av aktuelle framgangsmåtar for innkjøp av arkitektkompetanse under terskelverdiane til forskrift om offentlege anskaffelse - og som reflekterer omfang og storleik på innkjøpet - er det aktuelt å gjennomføra ein «minikonkurransen» .
- Informasjon om moglege konkurransedeltakarar blir innhenta gjennom opne kjelder – fagpresse, nettsider m.v. Kvalifikasjonane deira vert vurderte i lys av kvalifikasjonskrav og tildelingskriterium omtalt under.
- Deretter vert det valt og spurt 3 tilbydarar / arkitektkontor om å gi tilbod på oppdraget.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at dei 250 000 som vart løyvd (Ks.sak 027/22 - 16.06.22.) til å engasjere konsulent for å bistå Modalen kommune i arbeidet med å gjennomføra reguleringsendring på gnr. 76 bnr. 99. vert omdisponert til å engasjere ein minikonkurransen» som kan kome kommunen i møte på behov og ynskje for nye bueiningar på gnr. 76 og bnr. 99.

Vedlegg:

Reguleringsendring på gnr. 76 bnr. 99.

125220000001_Kyrkjeteigen_føresegner

125220000001_Kyrkjeteigen_kart

Reguleringsendring på gnr. 76 bnr. 99.

125220000001_kyrkjeteigen_vedtak

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke		23/59

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2023	Kommunestyret	PS	09.02.2023

Val av ny vigslar i Modalen kommune

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i Modalen gjer med dette vedtak om at assisterande rådmann Tonje Husum Aarland vert tildelt mynde til å gjennomføre borgarlege vigslar i Modalen kommune.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Med utgangspunkt i endringar i ekteskapslova vart vigselfmyndet f.o.m. 1. januar 2018 overført frå domstolane til kommunane. Det tyder at Modalen kommune må gjennomføre vigslar for brurepar som ynskjer det.

Vurdering

Modalen kommune har utarbeidd retningsliner for borgarleg vigself. Ordførar og varaordførar har i kraft av sine verv vigselfrett etter lova. I retningslinene er rådmann Jo Tømmerbakke og tidlegare assisterande rådmann Ove Sæbø også ført opp med vigselfrett. Det gjev moglegheiter i forhold til tilgjenge på vigslar, samt at det kan bidra dersom brureparet ynskjer vigslar som er politisk uavhengig.

Konklusjon

Administrativt tilsette har ikkje lengre vigselfrett når dei sluttar i kommunen. Det er difor ynskjeleg at kommunestyret vel ein erstattar for Ove Sæbø, og at ny assisterande rådmann Tonje Husum Aarland får tildelt vigselfrett frå kommunestyret.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke		23/61

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/2023	Kommunestyret	PS	09.02.2023

Medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd - BOF

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek at Modalen kommune søker medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd - BOF

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) vart stifta 29. juni 1937 med hovudoppgåve å sikre ålmenta tilgang til sjø, friluftsliv og rekreasjon. I denne tidsperioden vart fleire og fleire merksame på at det pågjekk ei rask og uheldig nedbygging av strandsona i Bergen. Dette var noko som var eit kjent problem, særskilt langs Oslofjorden, så for at ikkje det same skulle skje i Bergen vart BOF skipa.

Det vert oppfordra frå Vestland fylkeskommune at alle kommunar bør vere tilknytt eit friluftsråd med mål om å auke tilrettelegging og oppfølging av friluftsområder i kommunar. Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan med 12 deltakarkommunar i Bergensregionen: Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Samnanger, Tysnes, Øygarden, Vaksdal, Kvam og Osterøy. Friluftsrådet samarbeider med deltakarkommunane, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar. BOF har forvaltningsansvar for 258 friluftsområder i deltakarkommunane.

BOF har også båtar som inngår i Skjærgardstenesta, som er ein nasjonal sjøteneste med formål å drive skjøtsel, vedlikehald og renovasjon av offentleg eigde friluftsområder langs kysten. Tenesta har også oppsyn og driv skjøtsel i naturvernområder, i samarbeid med Statsforvaltaren og Statens naturoppsyn.

Hovudoppgåvene til BOF er:

- Etablere nye friluftsområder, tilrettelegge og halde dei vedlike slik at alle kan bruke dei
- Arbeide for auka forståing for friluftslivets betydning, betre fritidskultur og utbreiing av friluftsliv
- Stor og viktig oppgåve er å samle inn marint avfall utan eigar i samarbeid med ulike aktørar.
- BOF samarbeidar med deltakarkommunane, offentlege etatar på ulike nivå og andre interesserte organisasjonar

Vurdering

Det er fleire kommunar som no skal gjere eit kommunestyrevedtak om eventuelt medlemskap. Desse kommunane er Masfjorden, Gulen, Fedje og Voss Herad. Opptak av nye kommunar skal godkjennast av representantskapet i BOF.

Folkehelse

Å få med fleire kommunar i friluftsråd er positivt i eit folkehelseperspektiv i den forstand at friluftslivet blir styrka i medlemskommunane. Betre drift og forvaltning av friluftsområde kan bidra til at fleire menneske nyttar seg av desse områda og lettare kjem seg ut på tur. Det enkle friluftslivet er noko nær sagt alle kan drive, uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn. At det er tilgjengelege friluftsområde i nærleiken til der folk bur, kan bidra til å redusere sosial ulikskap, vere inkluderande og auke livskvaliteten til innbyggjarane.

Klima

Å drifte tilrettelagte friluftsområde krev eit driftsapparat i form av t.d. bilar, båtar og maskinar. Det vil kunne vere enklare for eit interkommunalt friluftsråd å gjennomføre ei grøn driftsomstilling, enn for ein einskild kommune. Eit friluftsråd kan bidra til å betre moglegheita for friluftsliv der folk bur og på den måten bidra til eit kortreist og meir berekraftig friluftsliv.

Kontingent

Medlemskommunane betalar ein årleg fast sum pr. innbyggjar i kontingent. Denne summen vert justert årleg av styret. Prognose for 2023 er kr 24 pr. innbyggjar.

Konklusjon

Modalen kommune søker medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd.